

## **”Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule i Aukra Kommune”**

*Kommunane påleggast å utvikle ein plan som konkretiserar samarbeidet mellom dei to institusjonane, ein handlingsplan som konkretiserer samanhengen frå barnehage til skule og legg rammene for overgangen mellom dei to institusjonane.*

*Kunnskapsdepartementet har utgitt ein rettleiar om dette viktige samarbeidet, og dei seier klårt kor viktig det er å ”Styrke samanhengen mellom barnehage og skule og skape ein god overgang for barn når dei byrjar på skulen” (Frå eldst til yngst s.8)*

Lov om barnehagar(2005), Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2006) og Læreplanverket for kunnskapsløftet(2006) er overordna styringsdokument.

Frå å vere dei eldste barna i barnehagen, skal barna gjennom ein viktig og spanande overgang : nemleg til å verte 1. klassingar. Til å verte yngst. Til å ha nye vaksne å halde seg til. Til å ha nye, kanskje store bygningsmassar å halde seg til. Til å ha mange eldre barn ein skal vere i lag med i friminutta. Til å føle seg til liten...

Vi har nok alle minner frå vår første skuledag. Og det var jo ikkje berre skremmande. For der var jo Knut, han vi leika så mykje med i barnehagen før han starta på skulen, og der – der er sikkert ho som skal vere læraren vår? Så fin ho er! Og kor spanande det skal bli i opne ranselen og ta fram det nye pennalet, og, skal tru om eg kjem i same klasse som Silje? No trur eg rektor ropa namnet mitt? Eg ser på mamma og ho nikkar. Eg går opp og helsar på rektor. Eg må til og med ta rektor i handa. Så står eg der – i lag med dei andre som er akkurat like ny som meg, og skal til på ein 10-årig skulegang.

Sjølvsagt skal vi ha ein god plan for denne overgangen!

Det viser seg at om ein har gode overgangar, opplevast møtet med skulen som positivt for elevar og foreldre, og det gjev eit godt grunnlag for å forsette den livslange læringa.

Skulane og barnehagane i Aukra Kommune har allereie ein framdriftsplan eller eit årshjul som vi kallar det, for samarbeidet. Den legg grunnlag for samarbeidet med mellom anna kor tid ein møtast, kven som har ansvar og kva som skal vere tema. Den tek omsyn til informasjonsflyt kring barn med spesielle behov, utveksling av erfaringar kring enkeltbarn og barnegruppa generelt. Den legg føringar for kor tid barna og foreldre skal få møte skulen, SFO og kontaktlærarane. Kvart år er det og evaluering av planen.

Eit viktig tema når pedagogane frå barnehagen og skulen møtast, er å verte kjent med kvarandre sin pedagogikk. Det er nyttig for lærarane å kjenne til korleis ein har jobba med læringsomgrepet og med læringsprosessar i barnehagen. Barnehagen har ein rammeplan som legg føringar for innhaldet. Den legg stor vekt på at barnehagen skal drive omsorg, læring og danning, og den er klar på at barn kan lære gjennom alt dei opplever og erfarer. Barn lærer gjennom kropp, språk, kjensler og sosiale relasjonar, og barnehagen si oppgåve er å legge til rette for eit stimulerande miljø der vennskap og gode relasjonar er med på å utvikle kvart enkelt barn. Personalet har ei aktiv rolle i dette, og skal bruke av sine ressursar for å vekke engasjement og begeistring. Dei skal ta utgangspunkt i barna sine interesser og nysgjerrighet, og i lag med ungane skal dei undre seg, stille spørsmål og finne svar. Det er dette som er medverknad.

Barnehagen har sju fagområde som liknar på dei faga barna møter i skulen.

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

Kvart fagområde har sine mål, men ulikt skulen har barnehagen målsettingar som rettar seg mot opplevingar og erfaringar og ikkje kunnskapsmål. Førebuande lese- og skriveopplæring samt matematikkførebuing er godt teke i vare gjennom målsettingane til Rammeplanen. For å jobbe godt med fagområda, er vaksenrolla avgjerande. Dei vaksne må vere medvitne på si rolle som tilretteleggar, motivator, og dele kunnskap og erfaring med barna.

Før førskulebarna skal byrje på skulen, er det dette som er tema for møtet mellom den pedagogiske leiaren og kontaktlæraren. Læraren får innblikk i kva barna har hatt som tema og korleis dei har arbeidd med det. Dette er nyttig å vite når ein startar opp med 1. klasse og skal legge til rette for ei best mogleg tilpassa opplæring og tryggleik kring skulestart.

Det er og nyttig for pedagogane i barnehagen å få kunnskap om kva som ventar barna i 1. klasse, kva faglege mål det skal jobbast mot, kva for undervisningsmetodar som vert nytta og korleis barna blir best budd på overgangen til skolen.

Alle barn i barnehagen har ei mappe der det er lagra nødvendig informasjon. Det kan vere observasjonar, samandrag frå foreldresamtalar og bilete som dokumenterer barna si læring og utvikling. Barnehagen har rutinar for makulering av materiell som berre skal nyttast til intern bruk. På møtet mellom kontaktlæraren og den pedagogiske leiaren, er og kvart enkelt barn tema. Vi er opptekne av at denne informasjonen skal vere relevant og til beste for barnet. Informasjonen skal gje eit positivt og oppriktig inntrykk. For å kunne gje denne informasjonen må foreldra skrive under på ei samtykkerklæring.

For barn med spesielle behov etter opplæringslova er det særst viktig å ha gode planer for overgangen mellom barnehage og skule. Det er viktig for foreldra at ein vert møtt med særleg initiativ frå skulen sin side, og at rammene er klare og føreseieleg. Samarbeid med PPT og andre hjelpeinstansar skal vere med på å legge til rette for ei best mulig tilrettelegging.

Barnehagen har ansvar for at skulen allereie 3, 4 år før skulestart får melding om tilrettelegging for barn med funksjonshemmingar.

Minoritetsspråklege foreldre og barn må bli møtt med særleg støtte og rettleiing. Dei må få vite korleis ein tilrettelegg språkundervisninga og ein må finne formålstenleg gode samarbeidsrutinar der språkbarrierane ikkje vert til hinder.

Så kan vi tenkje oss tilbake til skulestarten vår igjen. Då vi sto der på trappa og skjegla opp på lærarinna og knapt fatta omfanget av den store skulen. Vi gledde oss til å få lekser og ha friminutt – det hadde vi høyrte om. Kanskje fleire andre ting og...

Skal tru kva lærarinna tenkte?

Vi kan alle fall seie noko om kva ho håpa på – kva erfaringane hennar sa henne: at nysgjerrige ungar med tru på seg sjølv og egne evner på sitt nivå er det beste utgangspunktet for livslang læring. Når ungane har fått tatt eit verdig farvel til barnehagen og når skulen tek imot ungane på ein måte som viser at dette er ein viktig dag, i tillegg til at foreldra er med på å skape forventningar kring skulestart – da legg vi vaksne til rette for ein best mogleg skulestart som tek i vare kvart enkelt barn.